

Imponerende samspel av skulekorpsa

14.04.2013



72 musikarar takkar for applausen

Dei 3 aktive skulekorpsa i kommunen har i helga prestert eit imponerende samspel i regi av Husneskorpset. Det er berre å gratulera leiar Britt Sollien med initiativet og bera fram ynskjet om at det må verta fleire slike samarbeidstiltak.

Når ein hørde dei 4 avsluttande låtane som Husnes, Rosendal og Uskedalen spela saman under festkonserten i Kulturhuset i ettermiddag kunne ein ikkje vera i tvil om at dei 72 unge musikantane hadde gjort solide steg framover musikalsk sett - leia av flinke instruktørar.



Uskedelingane og dirigent Tor Skeie Olsen takkar for applausen

Ein av låtane var komponert spesielt til seminaret av talentfulle Sebastian Torjusen frå Rosendal, som får det utrullege ut av susaphonen sin og som også imponerte som leiar av det relativt nystarta Sebastian Brass Crew, Då femmannsbandet klemte i med 'When the saints' var det som om taket løfta seg i Kulturhuset.

Men den vellukka musikkhelga starta allereie fredag. Britt Sollien tykte det var på høg tid å samarbeida, noko skulekorpsa i Kvinnherad ikkje har gjort i stor grad tidlegare. Kanskje vil eit

tiltak som dette også inspirera fleire skulekorps som no ikkje er aktive til ein nystart? Det gjeld til dømes Herøysund, Utåker og Høylandsbygd. Men nokon frå Utåker har no slutta seg til Husneskorpset.

Noko har dei 3 aktive korpsa felles som det definitivt bør rettast på - det er berre kvinner i dei styrande organa!

Uskedalskorpset har eit stykkje å gå før dei kjem opp på nivå med Rosendal og Husnes, men dei er godt på tur og fekk god attest av programleiaren i ettermiddag. Dessutan fekk dei ros for å vera flinke til å danse!

Seminaret hadde fleire høgdepunkt i tillegg til konserten, til dømes middagen laurdag der også foreldra fekk vera med og som også inneheldt lek, song, dans og diskotek.

Konklusjonen er klar:
KORPS ER GØY!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sebastian Brass Crew fekk det verkeleg til å svinga.